

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Attn: Avdelingsdirektør Henrik Einevoll

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: /	Doknr.: -
Mottatt: 17 APR 2013	
Saksbeh.:	Ark.:
Kop.:	Avskf.:

Oslo, 15. april 2013

Høyring - forskriftsendringer som følge av overgang frå prisbasert til volumbasert markedsregulering for egg og sau/lam

Me viser til høyringsbrev av 28. februar 2013, og vil innleiingsvis gjera det heilt klart at Nortura støttar forslaget om å gå over frå ei målprisbasert markedsregulering til ei volumbasert markedsregulering for egg og sau/lam. Me har følgjande synspunkt på forslaga til endringar i Ramme- og FAT-forskriftene.

Sau inn igjen i markedsreguleringa

Det går fram av høyringsbrevet at Departementet og jordbrukets organisasjonar er enige om overgang frå målprisbasert til volumbasert markedsregulering av råvaremarkedet for egg og lam, etter same modell som blei innført for storfekjøtt i 2009. Høyringa byggjer på fleirtalsforslaga i Arbeidsgruppa som etter Jordbruksoppgjæret 2012 fekk i oppgåve å utgreia ei omlegging av markedsreguleringa for egg og lam. Nortura har både under arbeidet i Arbeidsgruppa og i innspelet til avtalepartane før Jordbruksoppgjæret 2013 understreka at vaksen sau nå må koma inn under markedsreguleringa igjen. Det er gjort utførleg greie for dette i rapporten frå Arbeidsgruppa og i Nortura sitt innspel til Jordbruksoppgjæret i år, og i det vidare blir det i dette høyringssvaret nytta nemninga sau/lam om dette dyreslaget.

Høyringsbrevet tek atterhald for behandlinga i Jordbruksoppgjæret 2013 og Stortinget si godkjenning av dette. Etter som Departementet tar sikte på at endringane skal tre i kraft frå 1. juli 2013, er det forståeleg at ein ønskjer å gjennomføra høyringa tidleg og så ta atterhald for at naudsynte vedtak blir gjort. Nortura har ikkje noko å merka til dette, men me legg til grunn at denne framgangsmåten ikkje skal vera til hinder for at vaksen sau kan koma inn igjen under markedsreguleringa.

Nortura SA

Postboks 360 Økern
N-0513 Oslo
Lørenveien 37
Tel.: (+47 229) 03070
Fax: +47 22 15 59 08

Forbrukertelefoner:
Gilde: 800 33 390
Prior: 800 48 130
www.nortura.no
firmapost@nortura.no

Bank: DNB NOR Bank ASA
Bank Norge: 7076 05 28623
IBAN: NO41 7076 0528 623
SWIFT/BIC: DNBANOKKXXX
Org.nr.: NO-938 752 648 MVA

Bank EURO: 5002 0447 386
IBAN:NO49 5002 0447 386
SWIFT/BIC:DNBANOKKXXX

FOR 2003-07-01 nr 919 - Rammeforskrifta

§ 3 nr 2 -2) Kjøtt

Nortura støttar at det vert opna for dobbelt mottakspåkt på innanlandsk produsert kjøtt av sau/lam i situasjonar der det blir brukt reguleringsmidlar til eksport av slikt kjøtt. Nortura har heller ikkje merknader til forslaget om korleis den doble mottakspåkta skal avgrensast mellom dei ulike aktørane, men foreslår i samsvar med forslaget vårt i innleiinga at ein brukar nemninga sau/lam, og at teksten følgjeleg blir endra til: “kjøtt av storfe eller sau/lam”.

§ 3 nr 2 – 3) Egg

Ei volumbasert markedsordning for egg må byggja på dei same grunnleggjande prinsippa som andre vareslag i volummodellen, men treng også ein del særigne reglar. Nortura viser til rapporten frå Arbeidsgruppa, der desse spesielle omsyna er drøfta og konkludert.

Nortura støttar for det første vurderinga om at dei eksisterande reglane for sesonglagring i volummodellen ikkje høver for egg og eggprodukt, og at reguleringslagring utan eit førehandsdefinert kvantum difor vert vidareført som eit verktøy i volummodellen for egg.

Arbeidsgruppa innstiller på at det innanfor markedsordninga og etter vedtak i Omsetningsrådet skal vera mogleg å skriva ned prisen på skiljeprodukt for omsetnad innanlands eller utanlands. Prisnedskriving av skiljeprodukt er eit sentralt verktøy i markedsregulerings-systemet for egg, og Nortura er difor udelte positive til at dette verktøyet blir vidareført og får nye reglar. Me støttar også Departementets forslag om at det i unntakstilfelle – og etter vedtak i Omsetningsrådet - skal vera mogleg å omsetja egg som reguleringsseksport.

Reglane for mottakspåkt for egg har nettopp blitt endra, og me legg til grunn at desse reglane blir vidareførte i ein volummodell for egg. Me støttar vidare Departementets vurdering om at markedsregulator ikkje skal ha mottakspåkt på eggekвите så lenge det er lagt til rette for ei ordning med prisnedskriving av eggekвите, der alle aktørar kan delta.

FOR 2005-12-22 nr 1723 – FAT-forskrifta

Forslaga til endring av FAT-forskrifta er i hovudsak konsekvensen av at egg og sau/lam ikkje lenger skal vera ein del av den målprisbaserte markedsordninga frå 1/7 2013. Det er difor naudsynt å tilpassa forskrifta med reglar for nedsetjing av toll, basert på at fleire dyreslag blir flytta over i den volumbaserte markedsordninga. Nortura viser til den generelle merknaden i innleiinga, og har utover det berre merknad til § 4 i forslaget.

§4 Definisjonar - Kunngjeringsdatoar om hausten


Nortura er oppteken av at volummodellen skal vera målretta som markedsreguleringsystem og tilby alle aktørar og myndigheter maksimal funksjonalitet. Det har kome innspel om ei framflytting av datoen for kunngjeringsdatoen for planlagt gjennomsnittleg engrospris om hausten. Nortura ser det som viktig at kunngjeringsdatoen er godt tilpassa framdrifta for prisforhandlingane med varehandelen. Nortura støttar difor forslaget om å endra

kunngjeringstidspunktet frå 30. november til 31. oktober. Av dette følger at tidspunkta for offentliggjerung av den **planlagde prisløypa** også kan bli justert tilsvarande, nærare bestemt til "innen den 10. juni (uendra) og innen 10. november".


Vedlegga

Nortura har ingen merknader til dei endringane som er foreslått i vedlegga, og støttar at planlagt gjennomsnittleg engrospris for sau/lam vil gjelda for heile året.

Med vennleg helsing
Nortura SA



Hans Thorn Wittussen
Konserndirektør
Råvare og Medlem



Gunnar Dalen
Direktør
Nærings- og handelspolitikk